

Årsmelding for Øystre Slidre eldreråd 2019

Del 1 Eldrerådet 2015 -2019 fram til val hausten 2019:

Medlem:

Torleiv Sigurd Hovi, leiar
Solveig Rydland, nestleiar
Gunnar Berg
Edgar Linn, FRP
Marit Synnøve Oppheim Østli, AP

Varamedlem:

Erik Gjerdalen
Marit Robøle
Bodil Dahle
Morten Steinsrud, SP
Hanne Svendsen, H

Eldrerådet er eit rådgjevande organ som skal ha til handsaming saker som gjeld levekåra til eldre i kommunen. Rådet kan sjølv ta opp saker for eldre i kommunen.

Eldrerådet har fram til nytt val 2019 hatt 4 møter og handsama 21 saker.

Eldrerådet har eigen aktivitetsplan der ei av sakene har vore prosjekttering og bygging av Øystre Slidre Helsetun. Her har Eldrerådet vore jamnleg orientert på fleire møter. Mykje godt arbeid er lagt ned her og Eldrerådet er glad for god orientering.

FNs internasjonale eldredag 1.oktober, vart feira 30.sept. med fest for dei eldre på Tingvang. Ordførar Kjell Melbybråthen hadde her siste møte med rådet og takka for godt samarbeid gjennom dei fire åra. Eldrerådet takkar og Kjell som har vore ein god medhjelpar på markeringane av eldredagen. Med god mat, underhaldning av Synvis , song av gamle slagerar til tonefyllgje av Torgeir Onstad, vart kvelden vellukka. Om lag 75 personar tok del i festen, noko som igjen er ny rekord.

Eldrerådet har vore orientert om:

- Status Helse og Omsorg
- Digitaliseringskompetanse for eldre
- Kommunepsykolog for Øvre Valdres
- Legeutlysing
- DPS Aurdal
- Status Øystre Slidre Helsetun
- Nytt frå Pensjonistlaget
- Nytt frå Fylkeseldreråd og regionale eldreråd
- Nytt frå ny rådmann
- Oppfølging av aktivitetsplan m.a. "Leve hele livet"
- Økonomiplan

Eldrerådet har gjeve uttale til:

- Økonomiplanen
- Ny eldrerådsforskrift
- Kollektivtrafikk
- Fast løn for legane
- Legestillingar

Andre møter

- Leiar har møtt på møter i samhandlingsrådet for Øystre Slidre Frivilligsentral
- Leiar og nestleiar er medlemmer i referansegruppa for nytt Helsetun, der leiar i eldreråd er leiar.
- Eldrerådet har delteke på regionale fellesmøter i Valdres
- Nestleiar og medlem har delteke på konferansar i Fylkesrådets regi

Del 2 Nytt eldreråd 2019 – 2023

<u>Medlem</u>	<u>Varamedlem</u>
<i>Solveig Rydland</i> leiar	Ingfrid Rotevatn
<i>Gudbrand Dahle</i> nestleiar og oppfylgjar av gode trafikktilbod	Erik Gjerdalen
<i>Astrid Lunde</i> (kontaktperson for den kulturelle spaserstokken)	Eli Enger
<i>Morten Steinsrud</i> SP medlem	Magne Mjøs
<i>Bjørn Kjensli</i> (kontaktperson Pensjonistlaget)	Berit Karlberg Myrvang

Det nye rådet har i 2019 hatt eit styremøte og handsama 6 saker. Inga opplæring er gjeven, berre ei kort orientering frå rådmann og ordførar.

Rådet har fått utdelt perm med Reglement for Eldrerådet i Øystre Slidre, Ny kommunelov, Kommunedelplan for helse- og omsorg 2015 – 2019 (2027) og Økonomiplan for 2020 – 2023.

Eldrerådet takkar administrasjon og politikarar for god informasjon og samarbeid i saker som vedkjem oss og vil framleis ha ein god dialog med dykk alle!

Årsmelding er vedteke i eldreråd den 28. april 2020 *Solveig Rydland* (leiar)